



NOREGS HØGSTERETT

Den 26. juni 2009 sa Høgsterett dom i

HR-2009-01335-A, (sak nr. 2009/508), straffesak, anke over dom,

A (advokat Trygve Staff)

mot

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Svein Holden)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld straffutmåling i hovudsak for oppbevaring og forsøk på innførsel av eit svært stort kvantum amfetamin. Det er særleg spørsmål om kva det skal ha å seie at det grunna feil i rettargangen har gått over ti år sidan dei strafflagde tilhøva fann stad.
- (2) Tyske tollarar stansa 9. januar 1999 ein norsk borgar på kaia i Kiel i det han venta på å kunne køyre om bord i ferje til Oslo. I bilen vart det funne i alt 48,41 kg amfetamin med ein styrkegrad på ca. 40 prosent. Ut frå opplysningane frå transportøren og ut frå seinare etterforsking vart A pågripen og varetektsfengsla 22. juni 1999.
- (3) Ved tiltalevedtak 3. mars 2000 vart A, saman med mellom anna B, sett under tiltale ved Oslo tingrett for brot på straffelova § 162 første og tredje ledd første punktum, jf. femte ledd, og § 162 første og tredje ledd første punktum, jf. femte ledd, jf. § 49.
- (4) Oslo tingrett starta behandlinga av saka 24. oktober 2000, men saka måtte utsetjast fordi eit sentralt vitne ikkje møtte. Også 24. april 2001 prøvde tingretten å behandle saka, men saka måtte då utsetjast fordi A ikkje møtte trass i at han var lovleg stemna. Borgarting lagmannsrett la seinare til grunn at omstenda ved det manglende frammøtet var så uklare at A ikkje kunne leggjast dette til last.
- (5) Tingretten sa dom i saka 21. mars 2002, der A vart funnen skuldig etter tiltalen for dei alvorlege narkotikabrottsverka. Dommen omfatta også oppbevaring av ein revolver, som

A hadde då han vart pågripen 22. juni 1999, og sal av 17 gram amfetamin i 1998. For desse to siste tilhøva er tingrettens dom endeleg, og straffa for desse er omsynteken ved seinare straffutmålingar for dei grove narkotikabrotsverka.

- (6) Etter fullstendig anke frå A vart han funnen skuldig også av Borgarting lagmannsrett, som i dom 23. mai 2003 sette straffa til fengsel i 11 år. Medtiltalte B vart like eins funnen skuldig etter tiltalevedtaket. A og B anka begge til Högsterett, og gjorde gjeldande at det var ein saksbehandlingsfeil at lagmannsretten hadde tillate opplesne politiforklaringane til ein av dei andre tiltalte, som hadde nytta seg av sin rett til å nekte å gi forklaring. Högsterett forkasta ankane ved orskurd 22. januar 2004, innteken i Rt. 2004 side 97. A og B klaga til Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD), som i dom 9. november 2006 kom til at det i tilknyting til opplesinga av politiforklaringane var handla i strid med den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 6 nr. 1 og 3.
- (7) Som følgje av dommen frå EMD avgjorde Gjenopptakingskommisjonen 14. desember 2006 at krav frå A om gjenopptaking skulle takast til følgje. Saka vart deretter behandla på ny av Eidsivating lagmannsrett, som i dom 18. desember 2007 fann A skuldig i samsvar med tiltalen. Straffa vart sett til fengsel i ni år og seks månader. Lagmannsrettsdommen vart oppheva av Högsterett ved dom 13. mai 2008, innteken i Rt. 2008 side 657, grunna saksbehandlingsfeil knytt til opplesing av politiforklaringar frå sambuaren til A.
- (8) Påtalemakta tok på ny ut tiltale mot A, og ved Eidsivating lagmannsretts dom av 6. februar 2009 vart han igjen funnen skuldig i samsvar med tiltalen. Domslutninga lyder:
 - ”1. **A, født 23. november 1970, dømmes for overtredelse av straffeloven § 162 første og tredje ledd første punktum jf. femte ledd og straffeloven § 162 første og tredje ledd første punktum jf. femte ledd jf. § 49, og de forhold som er rettskraftig avgjort ved Oslo tingrets dom 21. mars 2002, alt sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til fengsel i 8 – åtte – år.**
 - Fullbyrdelsen av 2 – to – år av straffen utsettes med en prøvetid på 2 – to – år, jf. straffeloven §§ 52-54.**
 - I straffen fragår 1124 – ettusenettihundreogtjuefire – dager for utholdt varetekts og soning.**
 - 2. **Saksomkostninger idømmes ikke.”**
- (9) A har anka til Högsterett over straffutmålinga. Det er gjort gjeldande at det bør fastsetjast ei straff som gjer at han ikkje må setjast i fengsel igjen for å sone reststraff.
- (10) *Eg er komen til* at anken ikkje kan føre fram. I hovudsak er eg einig i dei vurderingane lagmannsretten har gjort.
- (11) Lagmannsretten bygde på at straffa – om saka hadde vore avgjort innan normal tid – ville ha vore fengsel i om lag 12 år. Verken påtalemakta eller domfelte har for Högsterett hatt innvendingar til dette. Etter mitt syn er det ikkje grunn til å fråvike lagmannsrettens utgangspunkt.

- (12) Omsynet til det lange tidsforløpet, som kjem av saksbehandlingsfeil og av behandling i mange instansar, tilsa etter lagmannsretten sitt syn ein reduksjon av straffa til fengsel i 8 år. Som følgje av tyngslene ved mange domstolsbehandlingar og ved ikkje å bli ferdig med saka, saman med at A har måtta gå ut og inn av fengselet fleire gonger, kom lagmannsretten til at to år av fengselsstraffa burde givast på vilkår. Så langt har A sona fengselsstraff med i alt tre år og ein månad. Lagmannsrettsdommen inneber at A har om lag 11 månader att å sone i fengsel, under føresetnad av at han blir sett fri etter å ha sona to tredelar av straffa.
- (13) Spørsmålet for Högsterett er om det er grunnlag for ytterlegare reduksjon av fengselsstraffa for A eller eventuelt for at meir enn to år blir gitt som vilkårsdom.
- (14) To dommar frå 3. desember 2008 er sentrale når eg skal ta standpunkt til dette. Den første, innteken i Rt. 2008 side 1686, gjaldt ein anke frå B. Det følgjer av dommen at det i ei sak som dette, som har vore gjenoppteken etter å ha vore behandla ved EMD, etter norsk rett skal leggjast vekt på heile behandlingstida for saka. Det var der rekna med tida frå B vart sikta og fram til dom i Högsterett. Gjennom straffreduksjon som følgje av lang saksbehandlingstid vart straffa minka til sju år ved siste behandling – av tre – i lagmannsretten. Högsterett fann ikkje grunn til å fråvike denne fastsetjinga av straffa. Derimot vart det fastsett at fem år av straffa skulle vere på vilkår; hovudsakleg fordi domfelte hadde store helsemessige vanskar. I tillegg kom at han var i ei klar rehabiliteringsutvikling. Innsetjing på ny vart då ikkje aktuelt.
- (15) Den andre dommen, innteken i Rt. 2008 side 1692, gjaldt straffutmåling ved brot mellom anna på straffelova § 148, som skjedde ved bombesprenging. Frå handlinga fram til dom gjekk det 11 og eit halvt år. Saka vart gjenoppteken som følgje av dom frå EMD. Högsterett fann ikkje grunnlag for å fråvike lagmannsrettens utgangspunkt om ei straff for handlinga på fengsel i 12 år. Det var då den ekstra tida som hadde gått, samanlikna med normal tidsbruk, som måtte kome til uttrykk i straffutmålinga. Det vart vist til avgjerda i Rt. 2008 side 1686 og uttala at det burde vere ein reduksjon i straffa på tre år, og attståande straff vart sett til fengsel i ni år. Domfelte hadde sona vel fem år før han vart sett fri som følgje av dommen frå EMD. Ytterlegare eitt og eit halvt år vart gjort til vilkårsdom av Högsterett, slik at innsetjing på ny ikkje vart aktuelt.
- (16) Desse to dommane gir etter mitt syn gode haldepunkt med omsyn til straffutmålinga i vår sak.
- (17) Det har gått om lag ti og eit halvt år sidan dei strafflagde handlingane skjedde og mest like lenge sidan han vart pågripen og sikta. At det har gått så lang tid fram til det no skal givast dom i Högsterett, kan ikkje tilskrivast A, men kjem av saksbehandlingsfeil og behandling i mange rettsinstansar. Dette er då den tidsbruken som må omsyntakast, og der det relevante er forseinking i høve til normal framdrift.
- (18) I tillegg kjem dei tyngslene det har medført for A at saka stadig har måtta behandlast i nye omgangar i rettsapparatet. Med det har han ikkje fått lagt handlingane bak seg.
- (19) Etter mitt syn er det ein tilstrekkeleg reparasjon av tidsbruk og tyngsler når lagmannsretten har redusert fengselsstraffa frå 12 til åtte år, og dessutan har fastsett at to år av straffa skal vere på vilkår. Det er også godt i samsvar med synsmåtane i dei to dommane eg har vist til, sjølv om resultatet i begge desse vart at domfelte ikkje måtte

setjast inn for å sone resten. I Rt. 2008 side 1686, som altså gjaldt B, var det personlege omstende som førte til resultatet. Og i Rt. 2008 side 1692 – bombesaka – hadde domfelte sona ein større del av fengselsstraffa enn det A må gjere om lagmannsrettsdommen blir ståande.

- (20) Det inneber at eg er komen til at det ikkje er grunnlag for å endre på den fastsetjinga av straffa som lagmannsretten gjorde.
- (21) Eg røystar for slik

D O M :

Anken blir forkasta.

- (22) Dommer **Indreberg:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende, dommer Utgård.
- (23) Dommer **Tønder:** Likeså.
- (24) Dommer **Matningsdal:** Likeså.
- (25) Dommer **Lund:** Jeg er uenig med førstvoterende og mener at anken må tas til følge. A ble pågrepet 22. juni 1999, etterforskningen var ferdig i november samme år, og tiltale ble uttatt i mars 2000. Med normal fremdrift burde saken vært pådømt i lagmannsretten i løpet av et par års tid etter dette. I stedet gikk det ni år, og ti år er i dag gått siden de straffbare handlinger fant sted.
- (26) I denne tiden har A sonet ca. tre år og en måned, og har måttet gjennomgå belastningen med tre ankeforhandlinger i lagmannsretten før det ble avgjort dom i saken basert på en tilfredsstillende rettergang. For Høyesterett er spørsmålet om han etter denne særdeles lange saksbehandlingstiden, som i det alt vesentlige skyldes mangler ved domstolenes behandling av saken, bør gjeninnsettes til soning.
- (27) Førstvoterende har vist til dommene i Rt. 2008 side 1686 og 2008 side 1692. I den første dommen, som gjaldt As medskyldige, og der straffen ble satt til fengsel i syv år etter fradrag for et omtrent tilsvarende langt tidsforløp som her, var 506 dager sonet. Hele fem år av de syv årene ble gjort betinget for å unngå gjeninnsettelse. Når så lite av straffen var sonet, og en så betydelig del av straffen måtte gjøres betinget for å unngå gjeninnsetting, var det naturlig at personlige forhold ble trukket frem for å begrunne avgjørelsen. Vår sak ligger annerledes an. A har sonet mer enn dobbelt så lenge, og spørsmålet er om den betingede del av straffen skal være to eller i overkant av tre år.
- (28) I dommen i Rt. 2008 side 1692 ble en straff som i utgangspunktet ville ha blitt 12 års fengsel, satt til ni år fordi det var gått seks år siden tiltale ble tatt ut, og dette tidsforløpet ikke kunne belastes domfelte – fem års etterforskning måtte derimot tilskrives ham. Han hadde imidlertid sonet vel fem år, og for å unngå gjeninnsettelse måtte ett og et halvt år av straffen gjøres betinget. Personlige forhold forelå ikke. A tilkommer en atskillig større straffreduksjon enn i den saken fordi det tidsforløp som ikke kan tilskrives ham, er vesentlig lengre, og han dessuten er blitt belastet med flere omganger i lagmannsretten.

- (29) I vår sak er spørsmålet om A nå bør gjeninnsettes til soning av ca. 11 måneder av en straff som i utgangspunktet ville vært på 12 år. Jeg er for min del ute av stand til å se hvilke kriminalpolitiske hensyn som skulle tilsi dette, og stemmer for at tre år og tre måneder av straffen gjøres betinget.
- (30) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

Anken blir forkasta.

Rett utskrift: